



Arkivnr: 2015/10415-2
Saksbehandlar: Ole Hallvard Harlem Dyrbekk

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Nytt knutepunkt Voss – finansieringsløsning

Samandrag

Det skal etablerast eit nytt knutepunkt på Voss, inkludert ny bussterminal og nytt terminalbygg. Dagens terminal har kapasitetsproblem, og er heller ikkje universelt utforma. Det er lagt opp til kostnadsdeling 50/50 mellom fylkeskommune og samarbeidspartnarane. Dette gjeld to delprosjekt:

- 1) Terminalbygg (felles for jernbane og buss)
- 2) Bussterminal med drosje- og sykkelparkering

Når det gjeld terminalbygget, så vert det lagt opp til eit anleggsbidrag der kostnadene vert delt likt mellom ROM Eiendom AS og fylkeskommunen. ROM Eiendom vil vere byggherre. Anslag viser at den fylkeskommunale delen av nytt terminalbygg vert på åtte millionar kroner.

Når det gjeld ny bussterminal, vil kostnadane delast mellom staten ved Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune, då tiltaket ligg til riksveg. Kostnadene for ny bussterminal med tilkomst, drosje- og sykkelparkering vert rekna til 43,5 millionar kroner, som skal delast likt mellom stat og fylkeskommune, altså 21,75 millionar kroner kvar. Statens vegvesen har ikkje midlar i eksisterande handlingsprogram, men kan stille med statlege midlar frå 2018.

Fylkesrådmannen vil peike på at dagens kapasitet ved bussterminalen er fullt utnytta og ein utfordrande trafikktryggleikssituasjon for bussane, og at Jernbaneverket og ROM Eiendom er i gang med opprusting av jernbanedelen av prosjektet. Fylkesrådmannen vil derfor rå til at fylkestinget godkjenner anleggsbidraga på åtte og inntil 23 millionar kroner, og at dette vert lagt inn i budsjettet for 2016, slik at anlegget kan kome i gang.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner Voss har ei viktig rolle som regionsenter og knutepunkt for kollektivtrafikken.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med åtte millionar kroner i anleggsbidrag til nytt terminalbygg ved Voss stasjon, og at dette vert lagt inn i budsjettet for 2016.
3. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med inntil 23 millionar kroner til ny bussterminal ved knutepunkt på Voss, og at dette vert lagt inn i budsjett for 2016, men legg til grunn at prosjektet er fullfinansiert før anleggsarbeidet vert satt i gang.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Nytt knutepunkt Voss – kostnadsdeling
- 2 Voss terminalbygg avtale
- 3 Nytt knutepunkt Voss –
finansieringsløsning

Fylkesrådmannen, 27.10.2015

1. Bakgrunn

1.1 Innleiing

Det skal etablerast eit nytt knutepunkt på Voss, inkludert ny bussterminal og nytt terminalbygg. Dagens terminal har kapasitetsproblem, og er heller ikkje universelt utforma. Det er lagt opp til at kostnadane vert delt likt mellom fylkeskommune og samarbeidspartnarane. Dette gjeld to delprosjekt:

- 1) Terminalbygg (felles for jernbane og buss)
- 2) Bussterminal med drosje- og sykkelparkering

Når det gjeld terminalbygget, så vert det lagt opp til eit anleggsbidrag der kostnadene vert delt likt mellom ROM Eiendom AS og fylkeskommunen. ROM Eiendom vil vere byggherre. Anslag viser at den fylkeskommunale delen av nytt venterom vert på åtte millionar kroner. Terminalbygget vil innehalde venterom med trafikantinformasjon, toalett og bagasjeoppbevaring

Når det gjeld ny bussterminal, vil kostnadane delast mellom staten ved Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune, då tiltaket ligg til riksveg. Kostnadene for ny bussterminal med tilkomst, drosje- og sykkelparkering vert rekna til 43,5 millionar kroner, som skal delast likt mellom stat og fylkeskommune, altså 21,75 millionar kroner kvar.

1.2 Behov for auka kapasitet

Det var trongen for auka kapasitet og betre løysingar for kollektivtrafikken på Voss stasjon som utløyste behovet for å sjå på ei heilskapleg utvikling av knutepunktet. Samstundes skulle E16 leggjast om slik at trafikken som tidlegare hadde gått gjennom sentrum i framtida skulle gå i tunnel. Dette medførte behov for å sjå på vegen som ein del av områdeplanen.

Jernbaneverket var i gang med ei større oppgradering av infrastrukturen på stasjonen, inklusiv ny fotgjengarundergang som ga tilgang til midtperrong og areala på nordsida av spora. Dette opna for meir heilskapleg utvikling av heile stasjonsområdet og knutepunktet.

1.3 Plangrunnlag

Voss kommunestyre vedtok områdereguleringsplan for Voss knutepunkt 14.02.2013 (sak 10/13). Planen omfattar heile kollektivknutepunktet med alle funksjonar, mellom anna kollektivtrafikk (buss, drosje, jernbane, innfartsparkering), sykkelparkering og privat utvikling av gondol, hotell, diverse næringsverksemd og bustader. Planforslaget legg til rette for ei funksjonell og framtidretta betening av reisande i eit forbetra kollektivknutepunkt på Voss. Utvikling av knutepunktet vil sikre gode tilhøve for kollektivtrafikken og styrkje Voss som transportknutepunkt og regionsenter.

Kultur- og ressursutvalet handsama områdeplanen for Voss knutepunkt 7.02.2012 (sak 27/12) og gjorde mellom anna slikt vedtak:

1. *Forslag til reguleringsplan for Voss knutepunkt er med på å stø opp under Voss som regionalt senter og kollektivknutepunkt med viktige funksjonar både lokalt og regionalt. Voss knutepunkt har også vesentleg interesse i reiselivssamanheng.*
2. *Reguleringsplanen skapar grunnlag for miljøgate inn mot Voss sentrum og trygge samband mellom kollektivterminalen, hotella, kulturhuset og strandområda ved Vangsvatnet. Forlenging av Hangurbanen ned til kollektivterminalen bør utgreiast vidare med sikte på løysingar som kan tilfredsstillast ulike interesser i området.*

1.4 Planprosessen

Planprosessen er gjennomført i samarbeid mellom Voss kommune, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, NSB og ROM Eiendom AS. I tillegg har Voss Resort AS inngått festeavtaler med ROM Eiendom for areal til gondol og hotell.

2011: Moglegheitsstudien som definerte visjon
 2013: Vedtatt områdereguleringsplan
 2015: Bygging av innfartsparkering
 2016: Mogleg byggestart terminalbygg og kollektivterminal

1.5 Kollektivknutepunkt og turistdestinasjon

Voss er ein viktig turistdestinasjon på Bergensbanen. Det er lagt vekt på å legge til rette for at dei reisande som kjem til Voss skal få ei positiv oppleving av staden samstundes som det skal vera enkelt, trygt og oversiktleig å finne fram mellom buss, tog, taxi eller parkering.

2. Om prosjektet og kostnader

Prosjektet nytt knutepunkt på Voss er delt i to når det gjeld det økonomiske ansvaret til fylkeskommunen:

- 1) Terminalbygg med felles venterom for jernbane og buss
- 2) Bussterminal med drosje- og sykkelparkering

I tillegg omtalast Uttrågata i punkt 2.3, som kan vere føremålstenleg å inkludere i det nye knutepunktet, men som manglar finansiering.

2.1 Terminalbygg

Etablering av nytt terminalbygg er eit samarbeid mellom ROM Eiendom AS og Hordaland fylkeskommune. I eit utkast til avtale mellom ROM Eiendom AS og Hordaland fylkeskommune vil ROM Eiendom vere utbygger, mens fylkeskommunen skal betale anleggsbidrag. Terminalbygget får inngang på nedre plan, med direkte inngang frå bussterminal til gangkulvert og heis opp til perrong på øvre plan. I terminalbygget vert det venterom, toalett, informasjonstavler og oppbevaringsmoglegheiter. Sjå figur 3 for illustrasjon.

Det vert lagt opp til at kostnadane delast likt mellom partane, i tråd med tilsvarande utbygging på mellom anna Gjøvik og Lillehammer. Førebels anslag legg opp til at fylkeskommunens anleggsbidrag til terminalbygget vert på omlag åtte millionar kroner utan meirverdiavgift. Dette er eit anleggsbidrag, og må såleis løyvast i samband med handsaming av plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane.

Kostnadane kan endrast når endelege tilbod for byggearbeida ligg føre. ROM Eiendom AS legg opp til at nytt terminalbygg for knutepunktet på Voss kan ha byggestart våren 2016.

2.2 Bussterminalen

Når det gjeld bussterminalen vert det lagt til grunn at staten og fylkeskommunen deler kostnadene likt, slik fylkestinget gjorde vedtak om (Bergensprogrammet) for oppgraderinga av Bergen busstasjon (sak 70/10) 14.12.2010:

«3. Fylkestinget viser til at Bystasjonen er eit sentralt kollektivknutepunkt som ligg i direkte tilknytning til riksveg, og legg til grunn at inntil 50 % av prosjektet vert finansiert over det statlege riksvegbudsjettet...»

Den nye bussterminalen på Voss er, på same måte som Bergen busstasjon, ein del av eit sentralt knutepunkt som ligg til riksveg. Det vert difor lagt opp til tilsvarande løysing.

Statens vegvesen har utarbeidd kostnadsoverslag for etablering av bussterminalen med tilkomstveg som vist i figur 1. Totalkostnad for ny bussterminal som ein del av det nye knutepunkt på Voss er rekna til 43,5 millionar kroner. Bidraget til Fylkeskommunen på inntil 23 millionar kroner er lagt inn i budsjettet for 2016. Fylkesdirektør samferdsel sendte brev (vedlegg 3) til Statens vegvesen region vest 26.10.2015 og etterlyste ei tilbakemelding for når det statlege bidraget til knutepunktet på Voss kan liggje føre. Statens vegvesen har gitt positive signaler om at dette kan liggje føre frå 2018.

Det vert presisert at tala er basert på eit overslag, og kan måtte justerast etter at anbudsprosess er gjennomført. Kostnadstala føreset at tiltaket vert gjennomført som prosjektert.

Kostnader knytt til etablering av mellombels bussterminal i anleggsfasen er inkludert i kostnadstala. Voss kommune vil her stille parkeringsareal til gratis disposisjon, men arealet må opparbeidast for å kunne fungere for busstrafikk. Mellombels bussterminal vert plassert langs jernbanelinja like aust for planområdet

(Gullfjordungsvegen). Prosjektet har i 2015 hatt ei løyving på to millionar kroner over fylkesbudsjettet til prosjektering.

2.3 Utrågata

Ei skisse av planområdet og fotomontasje av nytt knutepunkt er vist i figur 1 og 2. Prosjektet omfatta opphavleg også oppgradering av Utrågata langs terminalen forbi kryss med Vangsgata til austenden av Park Hotel Vossevangen. Ei slik meir avgrensa utbygging vil redusere kostnadene med 6,5 millionar kroner.

Det kan vere føremålstenleg at området framleis vert inkludert i etableringa av nytt knutepunkt på Voss, mellom anna ut frå ei målsetting om rasjonell anleggsdrift. Det vert likevel peika på at denne strekninga framleis er riksveg, kor Statens vegvesen har ansvaret.

Fig. 1: Skisse av planområde nytt knutepunkt Voss





Figur 2:
Fotomontasje av nytt knutepunkt på Voss



Figur 3 - Terminalbygg med venterom

3. Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen finn det positivt at det er etablert eit breitt prosjekt med deltaking frå Voss kommune, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, NSB, ROM Eiendom AS og Voss Resort AS. Dette har gitt eit heilskapleg perspektiv, med fokus på å inkludere alle typer reiser og samstundes sikre aktivitet og betre sosial tryggleik rundt knutepunktet.

Dagens Voss stasjon og bussterminal er i dag eit sentralt knutepunkt, men har behov for å styrke kapasiteten og sin funksjon som regionalt knutepunkt. Vidare står arbeidet med å sikre alle reisande tilgjenge (universell utforming) til kollektivtransporten sentralt. Voss er også ein viktig turistdestinasjon på Bergensbanen.

Når det gjeld nytt, felles terminalbygg med jernbanen, er anleggsbidraget frå HFK til ROM Eiendom AS lagt inn i budsjettet for 2016. ROM Eiendom legg til grunn at oppstart for venterommet kan skje i 2016. Anleggsbidraget frå fylkeskommunen er rekna til åtte millionar kroner, ekskludert meirverdiavgift, ved lik kostnadsdeling med ROM Eiendom.

Når det gjeld ny bussterminal (med tilhøyrande vegtilknytning, drosje- og sykkelparkering (jamfør figur 1 og 2), har Statens vegvesen gitt positive signaler om at bidraget kan liggje føre frå 2018, jamfør brev i vedlegg 1. Fylkesrådmannen vil peike på at dagens kapasitet er fullt utnytta, og at Jernbaneverket og ROM Eiendom er i gang med opprusting av jernbanedelen av prosjektet.

Fylkesrådmannen vil minne om at prosjektet for bussterminalen ikkje inneheld opprusting av Uttrågata langs Park Hotel Vossevangen. Denne vegstrekninga er riksveg, og fylkesrådmannen viser til at oppgradering av denne må vere eit statleg ansvar. Kostnadsoverslaget for oppgradering av denne strekninga er rekna til 6,5 millionar kroner.

Fylkesrådmannen har lagt inn inntil 23 millionar kroner til ny bussterminal ved knutepunkt på Voss i budsjett for 2016. Fylkesrådmannen rår til at anleggsarbeidet ikkje startar opp før staten sitt bidrag i prosjektet kjem

til utbetaling. Om ikkje staten sin del av prosjektet kjem til utbetaling i 2018, vil fylkesrådmannen kome attende med eige sak.

Fylkesrådmannen ser det som viktig å halde fram med kontinuerleg utbygging av knutepunktet på Voss, og at ein dermed unngår ein lang byggeperiode. I samband med dei årlege plan- og byggeprogramma vil fylkesrådmannen kome attende med status for prosjektet.